

Osterøy kommune

Rådhusplassen
5282 Lonevåg

Hauge, 07.04.2022

Søknad om frådeling av ein parsell på gnr. 141 bnr. 3 på Burkeland

Vedlagt ligg søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett og krav om matrikulering. Tiltaket gjeld å dela i frå eksisterande våningshus på garden ved å oppretta ein ny parsell på 1699 m². Området er sett av til LNF, og det vert søkt om dispensasjon frå formålet.

Naboar er varsla og det er ingen merknader.

Tomta ligg i følge kommunen sitt temakart for snøskred og steinsprang i aktsemdområde for snøskred. Dette er derfor markert i søknadsskjemaet under punktet «skred». Men då det av erfaring snør lite i dette området og fjella ikkje er så høge at snøen samlar seg opp, er den reelle faren for snøskred svært liten. I tillegg er det mykje vegetasjon i dei bratte områda over tomta som ville stoppa eller bremsa eit eventuelt skred. Derfor er det ikkje etter vår vurdering naudsynt å gjer noko tiltak i forhold til snøskred.

Det er lagt ved erklæringar som gjev den nye parsellen rett til vatn, avlaup og veg. Det er òg lagt ved eit skriv og kart om omdisponering av areal.

Under punktet om plassering i søknaden er ikkje avstandar ført inn, då me ikkje ser på det som relevant sidan det er ei frådelingssak .

Me håpar søknaden kan handsamast slik den føreligg. Ta gjerne kontakt dersom det er manglar eller noko er uklart.

Med venleg helsing

Helge Rød A/S
Synnøve Tveiterås